



Budsjett-innst. S. nr. 14

(2007-2008)

Budsjettinnstilling til Stortinget fra utenrikskomiteen

St.prp. nr. 1 (2007-2008)

Innstilling fra utenrikskomiteen om svalbardbudsjettet 2008

Til Stortinget

Komiteen fremmer i denne innstillingen forslag om bevilgninger på svalbardbudsjettet.

Nedenfor følger en oversikt over bevilgningsforslagene i svalbardbudsjettet slik de fremkommer i St.prp. nr. 1 (2007-2008).

OVERSIKT OVER BUDSJETTKAPITLER OG POSTER I ST.PRP. NR. 1 (2007-2008) - SVALBARDBUDSJETTET

Kap.	Post	Formål	St. prp. nr. 1
Utgifter i hele kroner			
1		Svalbard kyrkje	3 600 000
	1	Driftsutgifter	3 600 000
2		Tilskot til kulturelle formål m.m.	960 000
	70	Tilskot til velferdsarbeid på Svalbard	960 000
3		Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	88 800 000
	70	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	88 800 000
5		Sysselemanden (jf. kap. 3005)	26 250 000
	1	Driftsutgifter	26 250 000
6		Sysselemandens transportteneste (jf. kap. 3006)	67 600 000
	1	Driftsutgifter	67 600 000
7		Tilfeldige utgifter	4 100 000
	1	Driftsutgifter	4 100 000
9		Kulturminnetiltak	2 100 000
	1	Driftsutgifter	2 100 000
11		Bergmeisteren (jf. kap. 3011)	1 310 000
	1	Driftsutgifter	1 310 000
17		Refusjon til Norsk Polarinstitutt	2 800 000
	50	Refusjon	2 800 000
18		Fyr og radiofyr	3 450 000
	1	Driftsutgifter	3 450 000
19		Statens bygningar på Bjørnøya og Hopen	5 950 000
	1	Driftsutgifter	5 950 000
20		Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 3020)	11 700 000

Kap.	Post	Formål	St. prp. nr. 1
	1	Driftsutgifter	11 100 000
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	600 000
22		Likningsforvaltninga for Svalbard	2 627 000
	1	Driftsutgifter	2 627 000
		Sum utgifter svalbardbudsjettet	221 247 000
Inntekter i hele kroner			
3005		Sysselmannen (jf. kap. 5)	250 000
	1	Diverse inntekter	250 000
3006		Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 6)	1 100 000
	1	Leigeinntekter	1 100 000
3020		Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 20)	2 820 000
	1	Inntekter	2 820 000
3030		Skattar og avgifter	73 590 000
	70	Skattar m.m.	69 000 000
	71	Utførselsavgift	3 500 000
	72	Utmålsgebyr, årsavgift	1 090 000
3035		Tilskot frå statsbudsjettet	143 487 000
	70	Tilskot	143 487 000
		Sum inntekter svalbardbudsjettet	221 247 000
		Netto svalbardbudsjettet	0

SAMMENDRAG

Det blir fremja eit eige svalbardbudsjett fordi artikkel 8 i Svalbardtraktaten avgrensar høvet til å krevje inn skattar og avgifter på Svalbard, og korleis desse midlane kan nyttast. Stortinget slutta seg til ønsket frå Regjeringa om å føre vidare ordninga med eit eige svalbardbudsjett under handsaminga av St.meld. nr. 9 (1999-2000).

Måla for svalbardpolitikken vart vedtekne ved handsaminga av St.meld. nr. 40 (1985-1986), og stadfesta i St.meld. nr. 9 (1999-2000). Måla er ei konsekvent og fast handheving av suvereniteten, korrekt overhalding av Svalbardtraktaten og kontroll med at traktaten blir etterlevd, bevaring av ro og stabilitet i området, bevaring av den særeigne villmarksnaturen i området, og oppretthalding av norske samfunn på øygruppa.

Justisdepartementet har ansvar for å samordne forvaltninga sitt arbeid med polarsaker for å sikre ein heilskapleg norsk politikk. Samordninga skjer i hovudsak i Det interdepartementale polarutvalet. Sysselmannen, Regjeringa sin øvste representant på Svalbard, og Longyearbyen lokalstyre er viktige medspelarar for å sikre ei god forvaltning av øygruppa.

Det er nedfelt i Soria Moria-erklæringa at Regjeringa ser nordområda som Noregs viktigaste strategiske satsingsområde i åra som kjem. Regjeringa har i den samanhengen utarbeidd ein strategi for nordområda. Denne strategien skal vere langsiktig og prega av samordning og samarbeid, og omfattar fleire departement sine ansvarsområde. Svalbard er ein viktig del av nordområda våre, og ei vedvarande satsing på Svalbard i tråd med måla for norsk svalbardpolitikk vil markere at Noreg er til stades i nordområda.

Det internasjonale polaråret (IPY) 2007-2008 er ei stor internasjonal satsing innan polarforskning. Regjeringa har vedteke at Noreg skal gå sterkt inn i dette samarbeidet og ta mål av seg til å ha ei førande rolle. Noreg er tildelt sluttkonferansen for IPY, og denne skal vere i Oslo i juni 2010.

Dei siste åra har det vore auka aktivitet innan forskning på Svalbard. Koordinering av denne verksemda er blitt stadig viktigare.

Regjeringa har i 2006 vedteke å etablere Svalbard globale frøkvelv, som skal vere eit sikringslager for dubletter av frø frå frøsamlingar frå heile verda. Bygget skal stå ferdig hausten 2007 medan den formelle opninga vil vere 26. februar 2008.

Regjeringa ønskjer å bevare eit stabilt og robust norsk familiesamfunn i Longyearbyen på Svalbard for å sikre norsk nærvær i nordområda. Regjeringa foreslår å innføre eit nytt skattesystem på Svalbard frå 2008 som tilsvare ein inntektsreduksjon og auka tilskot til Svalbard på 14 mill. kroner.

Budsjettramma for svalbardbudsjettet for 2008 er 221 247 000 kroner. Dette er ei auke på 2,6 pst. i forhold til vedteke budsjett for 2007. Underskotet på svalbardbudsjettet for 2008 er stipulert til 143 487 000 kroner, mot 123 909 000 i saldert budsjett for 2007. Underskotet blir dekt inn gjennom eit tilskot over Justisdepartementets budsjett. I 2008 vil dette tilskotet, som er den største inntektsposten på svalbardbudsjettet, utgjere 64,9 pst. av dei venta inntektene. Auken i løyvinga skuldast ein venta reduksjon i skatteinngangen som følgje av dei føreslåtte skatteendringane.

Bortsett frå statstilskotet er skattar og avgifter frå Svalbard den største inntektsposten. For 2008 er skattar og avgifter rekna til 73 590 000 kroner mot 87 590 000

i saldert budsjett for 2007. Det er venta ein reduksjon i skatteinngangen som følgje av dei skatteendringane som er foreslått. Inntektene frå skattar og avgifter utgjer 33,3 pst. av dei samla inntektene over svalbardbudsjettet.

Svalbardbudsjettet er i stor grad eit driftsbudsjett. Store utgiftspostar er Sysselmannen si transportteneste, løyving til Sysselmannen si ordinære drift og staten sine bygningar i Longyearbyen. For 2008 er det foreslått å løyve 3,5 mill. kroner til dekning av Telenors samfunnspålagte oppgåver på Svalbard.

For 2008 er det foreslått eit tilskot til Longyearbyen lokalstyre på til saman 88 800 000 kroner, mot 86 954 000 kroner i saldert budsjett for 2007. Dette skal dekkje utgiftene til drift av og investeringar i lokalstyret si verksemd. Lokalstyret har gjennom Bydrift Longyearbyen AS ansvar for produksjon og distribusjon av elektrisk kraft og fjernvarme. For 2007 vart det løyvd 7,1 mill. kroner til investeringar i fjernvarmenettet. Denne løyvinga er vidareført for 2008. Vidare legg Regjeringa til grunn at Longyearbyen lokalstyre held fram arbeidet med etablering av reservekraftanlegget i 2008.

For 2008 er det løyvd 26 250 000 kroner over kap. 5 Sysselmannen. Løyvinga som i all hovudsak er ei vidareføring frå 2007 skal dekkje utgifter til lønn og drift av sysselmannskontoret, under dette utgifter til vedlikehald og fornying av utstyrsparken. Sysselmannen sine inntekter på kap. 5 post 1, 250 000 kroner, omfattar bøter, gebyr, inndragingar og inntekter ved ulike auksjonar og sal. Det er løyvd 67 600 000 kroner til Sysselmannen si transportteneste over kap. 6. Løyvinga i saldert budsjett for 2007 var 65 700 000 kroner. Det er venta 1,1 mill. kroner i inntekter og refusjonar ved utleige av dei transportmidla Sysselmannen disponerer.

Det er løyvd 11 700 000 kroner til Statens bygningar i Longyearbyen. Løyvinga i saldert budsjett for 2007 var 11 159 000 kroner. Løyvinga skal dekkje utgifter til vedlikehald og drift av bygningsmassen som ikkje er innlemma i den statlege husleigeordninga. Auken skuldast prisjustering, og mindre investeringsbehov. Vidare skal posten dekkje lønn og drift for lokaladministrasjonen til Statsbygg.

Regjeringa foreslår å løyve netto om lag 371 mill. kroner over statsbudsjettet til svalbardformål i 2008. Dette talet omfattar tilskotet til svalbardbudsjettet over Justisdepartementet sitt budsjett, og utgiftene til Svalbard som blir dekte over budsjetta til dei andre departementa. Inntektene frå Svalbard som går inn på budsjetta til dei andre departementa, er trekte frå. Tilsvarende tal i 2007 var om lag 331 mill. kroner.

Over Miljøverndepartementet sitt budsjett vil det bli løyvd om lag 90 mill. kroner til svalbardformål. Om lag 70 mill. kroner av dette går til Norsk Polarinstittutt sin verksemd på og rundt Svalbard. Miljøvernarbeidet vil i 2008 ha særleg fokus på lokale forureiningar til luft, jord og vatn. Vidare vil arbeidet med å verne store delar av Svalbard kystfarvatn mot potensiell forureining, og regulering av turismen i verneområda i Nordaust-Svalbard bli styrkt. Svalbards miljøvernfond er

oppretta med heimel i Svalbardmiljølova. Fondet er avgiftsfinansiert, og midlane kan bare brukast til tiltak som har som mål å verne miljøet på Svalbard. Fastbuande på Svalbard er unnatekne frå plikta til å betale miljøgebyr.

Nærings- og handelsdepartementet har eigarinteresser i fleire selskap på Svalbard. Kolverksemda til Store Norske har i mange år vore halden oppe med statleg støtte. Bakgrunnen for den økonomiske støtta har i hovudsak vore dei nasjonale omsyna som gjer seg gjeldande på øygruppa. Arbeidsplassane knytte til kolgruvedrifta har medverka vesentleg til stabil, heilårleg norsk aktivitet og busetnad.

I juli 2005 braut det ut brann i hovudstollen i Svea Nord-gruva. Etter åtte månaders driftsstans vart produksjonen i Svea Nord-gruva starta opp att 1. april 2006. Forsikringsoppgjøret er framleis uavklart. Dette har ført til ein pressa økonomisk situasjon for selskapet. Tvist om forsikringsoppgjøret er ført inn for domstolane, og hovudforhandling er sett til 26. september 2007.

Staten eig alle aksjar i Kings Bay AS. Det er foreslått å løyve 25 mill. kroner til selskapet i 2008 til drift og investeringar, nødvendige utgifter til administrasjon av AS Bjørnøen, og kostnader knytte til gjennomføringa av Luftfartstilsynets nye krav til tryggleik ved flyplassen i Ny-Ålesund. Selskapet eig grunn og anlegg i Ny Ålesund. Kings Bay skal særleg ha som mål å yte tenester til og fremje forskning og vitenskapelig verksemd, og medverke til å utvikle Ny-Ålesund som ein internasjonal arktisk naturvitenskapelig forskingsstasjon. Ny Ålesund har utvikla seg til å bli ein forskingsstasjon med ein svært avansert miljøprofil og eit internasjonalt senter for forskning på klima- og miljørelaterte problemstillingar.

Svalbard Reiseliv AS er eigd av Svalbard Reiselivsråd, som er ei samanslutning av aktørar med interesser knytte til reiselivet på Svalbard. Det er foreslått å løyve eit tilskot på 2 mill. kroner til Svalbard Reiseliv AS over statsbudsjettet for 2008. Målet med tilskotet er å medverke til auka verdiskaping og betre lønsemd for reiselivet ved å informere, profilere og marknadsføre Svalbard som reisemål. Det er ei viktig oppgåve for selskapet å leggje vekt på å utvikle eit miljøtilpassa reiseliv i tråd med det overordna målet for regjeringa og reiselivsnæringa. Svalbard Reiseliv har arbeidd aktivt dei seinare åra for å auke talet på turistar til Svalbard i mørketida.

Svalbard Satellittstasjon les ned data for sivile formål frå satellittar i polare banar, og styrer òg desse satellittane. Kongsberg Satellitt Services AS, som er eigd 50 pst. av Norsk Romsenter og 50 pst. av Kongsberg Aerospace & Defence Systems AS, eig infrastrukturen og står for drifta av satellittstasjonen.

Svalbard rakettskytefelt er etablert i Ny Ålesund av Andøya Rakettskytefelt AS. Formålet er oppskyting av forskingsraketar. Lokaliseringa nær den magnetiske nordpolen gir målingane frå raketane resultat av stor vitenskapelig verdi.

Det har vore ein større auke i forskings- og utdanningsverksemda på Svalbard det siste tiåret. Regjeringas nordområdestrategi peikar på at Svalbard er ein

viktig arena for internasjonalt utdannings- og forskingssamarbeid i nordområda. I budsjettet til Kunnskapsdepartementet er det for 2008 foreslått å løyve 78,7 mill. kroner til Universitetscenteret på Svalbard. Universitetscenteret på Svalbard AS vart oppretta som statleg aksjeselskap 29. november 2002, og er ein viktig del av nordområdesatsinga. Studiet skal ha ein internasjonal profil, og det blir teke sikte på at ein stor del av studentane skal vere utanlandske.

Om lag 14 mill. kroner av den ordinære faglege løyvinga til Noregs forskingsråd for 2008 vil gå til tiltak som gjeld Svalbard direkte.

Regjeringa ynskjer at Noreg skal ha ei førande rolle i Det internasjonale polaråret (IPY) 2007-2008, som er ei stor internasjonal satsing innan polarforskning. Regjeringa går inn for å løyve til saman over 320 mill. kroner til IPY over ein fireårsperiode. For 2008 er det foreslått å sette av 85 mill. kroner til norsk deltaking i IPY. Løyvinga skal dekke forskning på vegner av heile departementsfelleskapet. Det er vanskeleg på førehand å seie kor stor del av desse løyvingane som kjem forskning på Svalbard og i havområde omkring til gode.

Utgiftene til Longyearbyen skule har til og med 2006 vorte dekte over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Ansvar for styring og drift av skulen ble overført til Longyearbyen lokalstyre frå 1. januar 2007. Utgiftene skal dekkjast frå tilskotet til Longyearbyen lokalstyre på svalbardbudsjettet.

Barnehagane på Svalbard får statstilskot til drift over Kunnskapsdepartementet. Forslaget for 2008 er 6,6 mill. kroner.

Det er ei eiga skattelov for Svalbard. Regjeringa foreslår endringar i skattesystemet for Svalbard. Endringane vil gjere skattesystemet for Svalbard meir tidsmessig og betre tilpassa det ordinære norske skattesystemet og internasjonale rammevilkår. Regjeringa foreslår endringar på tre hovudområde: Ordninga med brutto lønnskattelagging (lønnstrekk) blir modifisert. Som utgangspunkt skal det trekkjast skatt ved lønnstrekk med 8 pst., i tillegg av trygdeavgift for tilsette som er medlemmer av den norske folketrygda. For samla årsinntekt over 12 gonger folketrygdas grunnbeløp, skal det trekkjast skatt med ein høgare sats på 22 pst. I selskaps- og kapitalskattelagginga blir det lagt opp til ein annan satsstruktur. For slik inntekt foreslår ein skattesats på 16 pst. Samtidig foreslår ein at det generelle botnfrådraget i alminneleg inntekt blir dobla, frå kr 10 000 til kr 20 000. Det skal framleis ikkje reknast skjerming for personlege selskapsdeltakarar som er heimehøyrande på Svalbard, og fritaksmetoden skal framleis nyttast på Svalbard. For sjølvstendig næringsdrivande foreslår ein ei endring ved at desse ikkje lenger skal rekne personinntekt etter skjermingsmetoden. I staden skal netto næringsoverskot skattleggast med same skatte- og trygdeavgiftssatsar som lønn. Ein foreslår at endringane vert gjennomførte frå og med inntektsåret 2008.

Som eit tiltak overfor barnefamiljar for å oppretthalde eit robust familiesamfunn i Longyearbyen, vart det i 2007 innført eit svalbardtillegg på kr 3 840 i barnetrygda. Tiltaket blir ført vidare i 2008.

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, lederen Olav Akselsen, Vidar Bjørnstad, Marit Nybakk, Knut Petter Torgersen og Anette Trettebergstuen, fra Fremskrittspartiet, Morten Høglund, Siv Jensen og Øyvind Vaksdal, fra Høyre, Erna Solberg og Finn Martin Vallersnes, fra Sosialistisk Venstreparti, Ågot Valle, fra Kristelig Folkeparti, Dagfinn Høybråten, fra Senterpartiet, Alf Ivar Samuelson, og fra Venstre, Anne Margrethe Larsen, viser til at de overordnede målene for norsk svalbardpolitikk, som vedtatt i behandlingen av St.meld. nr. 40 (1985-86) og senere bekreftet i behandlingen av St.meld. nr. 9 (1999-2000) om en konsekvent og fast håndheving av suvereniteten, korrekt overholdelse av og kontroll med etterlevelsen av Svalbardtraktaten, bevaring av ro, stabilitet og den særegne naturen i området samt opprettholdelsen av norske samfunn på øygruppa, ligger fast.

Komiteen merker seg at Regjeringen ønsker at Svalbard skal ha et enkelt og robust skattesystem med et lavt skattenivå, og støtter dette.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, støtter derfor Regjeringens forslag til endringer i skatteloven for Svalbard. Etter flertallets mening vil Regjeringens forslag til nytt skattesystem legge til rette for et enklere skattesystem som igjen vil bidra til å opprettholde og videreføre en robust bosetting på Svalbard, og som vil være bedre tilpasset det norske skattesystemet og internasjonale rammevilkår.

Komiteen vil fremheve Regjeringens arbeid sammen med Longyearbyen lokalstyre i forhold til utfordringene med reservekraftsituasjonen i Longyearbyen, og påpeker viktigheten av at det i Revidert nasjonalbudsjett for 2007 ble bevilget 20 mill. kroner som et statlig bidrag til å sikre infrastruktur og etablering av et nytt, sentralt plassert dieselkraftanlegg som skal kunne konverteres til et biodieselanlegg når biodiesel gjøres kommersielt tilgjengelig.

Komiteen påpeker også viktigheten av at det i det samme reviderte statsbudsjettet ble bevilget et ansvarlig lån på 250 mill. kroner til Store Norske Spitsbergen Kulkompani A/S (SNSK) som følge av den vanskelige finansielle situasjonen grunnet brannen i Svea Nordgruven i 2005 og driftsproblemer høsten 2006.

Komiteen påpeker at Svalbard er en viktig del av nordområdene våre, og at en vedvarende satsing på Svalbard i tråd med de mål som ligger fast, må være en sentral del av nordområdepolitikken. Komiteen støtter at Regjeringen har satt nordområdene som et av Norges viktigste satsingsområde i årene som kommer, og at ivaretagelse av norske økonomiske, miljømessige og sikkerhetspolitiske interesser i nord skal prioriteres høyt. Komiteen påpeker at nordområdene må videreutvikles som et attraktivt turistmål, og at Svalbard

her er sentralt med sine naturmessige særegenheter. Videre påpeker komiteen at det arktiske landskapet er særlig sårbart, og det er viktig at dette sikres gjennom blant annet økt satsing på miljøtilpassa reiseliv.

Komiteen peker på økt oppmerksomhet rundt klimaendringene som berører alle, og at virkningene vil bli særlig sterke i nord og i arktiske strøk. Dette vil få dramatiske konsekvenser for natur, miljø, bosetting, urfolk og næringsliv i disse områdene dersom ikke utslippene av klimagasser reduseres. Svalbard opplever en økt strøm av klimaforskere som studerer virkningene endringene har på de arktiske områdene, nettopp fordi Svalbard er ett av de stedene som vil merke endringene raskest, og som er særdeles sårbart for konsekvensene av klimaendringene. Komiteen merker seg og ser positivt på arbeidet med prosjektet "CO₂-fritt Svalbard" og har videre merket seg at SFT med bistand fra Sysselmannen skal gjennomføre en analyse av hvilke tiltak som kan bidra til å redusere utslippene av klimagasser fra virksomheten på Svalbard og kostnadene ved slike tiltak.

Komiteen påpeker at Svalbard er en viktig arena for internasjonalt utdannings- og forskningssamarbeid i nordområdene, og at dette er og fortsatt må være en viktig del av nordområdestrategien til Regjeringen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til skatteøkningen som ble vedtatt i svalbardbudsjettet for 2006 - en økning av skatteprosent-satsen i lønnstrekkoordningen på Svalbard fra 8 til 12 pst. Disse medlemmer viser videre til at Regjeringen i svalbardbudsjettet for 2007 i stedet for å tilbakeføre skatteøkningen, valgte å innføre et unødig byråkratisk skattefradrag som plaster på såret for dem som ble rammet av skatteskjerpelsene. Disse medlemmer merker seg at Regjeringen i svalbardbudsjettet for 2008 endelig har valgt å reversere skatteøkningen som inntraff i 2006. Disse medlemmer mener dette er positivt og viktig, men samtidig vil disse medlemmer markere uenighet i forhold til den foreslåtte økningen i selskaps- og kapitalskatt fra 10 pst. til 16 pst. Disse medlemmer vil understreke at en slik økning vil ramme små og mellomstore bedrifter som har etablert seg på Svalbard. Disse medlemmer er opptatt av å legge best mulig til rette for et allsidig næringsliv på Svalbard og vil derfor gå imot denne uforståelige skatteskjerpelsen. Disse medlemmer viser til den brede enigheten som eksisterer om satsing på nordområdene, og vil understreke at et slikt perspektiv forutsetter også satsing på næringsliv og stimulerer til bosetting av folk på Svalbard. Disse medlemmer vil derfor advare mot politiske og økonomiske grep som har som konsekvens at det blir mindre attraktivt og mindre lønnsomt for folk å være en tid på Svalbard. Disse medlemmer mener at en god Svalbard-politikk innebærer at man satser på og legger til rette for tilstedeværelse i mange ledd. En god og fremtidsrettet Svalbard-politikk må innebære satsing og tilrettelegging for næringsliv, turisme, studier, videre satsing på kullproduksjon og annet. Og det må være lønnsomt for folk å velge seg Svalbard for en

periode av livet sitt. Disse medlemmer vil igjen understreke at den byrden som økt skatt for Svalbards innbyggere er, innebærer en byrde som ikke samsvarer med en god og fremtidsrettet Svalbard-politikk. Disse medlemmer viser til at det kun var Fremskrittspartiet som umiddelbart foreslo å tilbakeføre skatteøkningen som lå i statsbudsjettet for 2006, rett og slett fordi det ikke finnes noe godt grunnlag for en slik skatteøkning. Men Fremskrittspartiet ble dessverre stående alene om dette i Stortinget, og skattesatsen ble økt med 50 pst. Et gammelt norsk ordtak inneholder følgende kloke budskap: "Det er ingen skam å snu". Disse medlemmer er tilfredse med at Regjeringen nå synes å ha lagt seg dette ordtaket på minnet.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Høyre støtter Regjeringens reversering av sine tidligere skjerpelser av Svalbard-beskatningen, men disse medlemmer mener at lønnstrekkoordningen bør gjeninnføres fullt ut slik den var og uten en høyere skattesats på høyere inntekter, slik det nå er foreslått av Regjeringen. En slik ordning medfører et betydelig merarbeid både for skattytere og arbeidsgivere, noe også innspillene til arbeidsgruppens forslag viser. Disse medlemmer viser til Innst. O. nr. 1 (2006-2007) der disse medlemmer går imot Regjeringens forslag til endringer i svalbardskatteloven §§ 3-2, 4-6 første ledd annet punktum og § 5-2. Disse medlemmer viser til sine forslag til ramme i Budsjett-innst. nr. 1 (2007-2008) under Ramme 22 Skatter og avgifter, der skatt på Svalbard er foreslått bevilget under budsjettkapittel 5501, post 72. Dette fremgår også av tabellen i disse medlemmers merknader under avsnitt 4.2.2 i samme innstilling. Disse medlemmer fremmer i tilknytning til dette følgende forslag:

"Stortinget slutter seg til Regjeringens forslag til vedtak om formues- og inntektsskatt til Svalbard for inntektsåret 2008 med følgende endringer:

§ 3 skal lyde:

§ 3 Skatt på inntekt

Skatt på inntekt blir utrekna etter desse satsane:

- Inntekt som blir skattlagt ved lønnstrek etter svalbardskattelova § 3-2: 8 pst.
- Anna inntekt: 10 pst.

Personlege skattytarar skal ha eit frådrag i alminnelig inntekt som omfattas av b) på 20 000 kroner."

FORSLAG FRA MINDRETALL

Forslag fra Fremskrittspartiet og Høyre:

Stortinget slutter seg til Regjeringens forslag til vedtak om formues- og inntektsskatt til Svalbard for inntektsåret 2008 med følgende endringer:

§ 3 skal lyde:

§ 3 Skatt på inntekt

Skatt på inntekt blir utrekna etter desse satsane:

- a) Inntekt som blir skattlagt ved lønnstrekk etter svalbardskattelova § 3-2: 8 pst. Personlege skattyttarar skal ha eit frådrag i alminnelig inntekt som vert omfatta av b) på 20 000 kroner.
- b) Anna inntekt: 10 pst.

5. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I

På svalbardbudsjettet for 2008 bevilges under:

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
Utgifter				
1	1	Svalbard kyrkje		
		Driftsutgifter	<u>3 600 000</u>	
2	70	Tilskot til kulturelle formål m.m.		
		Tilskot til velferdsarbeid på Svalbard	<u>960 000</u>	
3	70	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre		
		Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	<u>88 800 000</u>	
5	1	Sysselmannen (jf. kap. 3005)		
		Driftsutgifter	<u>26 250 000</u>	
6	1	Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 3006)		
		Driftsutgifter	<u>67 600 000</u>	
7	1	Tilfeldige utgifter		
		Driftsutgifter	<u>4 100 000</u>	
9	1	Kulturminnetiltak		
		Driftsutgifter	<u>2 100 000</u>	
11	1	Bergmeisteren (jf. kap. 3011)		
		Driftsutgifter	<u>1 310 000</u>	
17	50	Refusjon til Norsk Polarinstitutt		
		Refusjon	<u>2 800 000</u>	
18	1	Fyr og radiofyr		
		Driftsutgifter	<u>3 450 000</u>	
19	1	Statens bygningar på Bjørnøya og Hopen		
		Driftsutgifter	<u>5 950 000</u>	
20	1	Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 3020)		
		Driftsutgifter	<u>11 100 000</u>	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast ...	<u>600 000</u>	
22	1	Likningsforvaltninga for Svalbard		
		Driftsutgifter	<u>2 627 000</u>	
		Totale utgifter		<u><u>221 247 000</u></u>

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
Inntekter				
3005		Sysselmannen (jf. kap. 5)		
	1	Diverse inntekter	250 000	
3006		Sysselmannens transportteneste (jf. kap. 6)		
	1	Leigeinntekter	1 100 000	
3020		Statens bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 20)		
	1	Inntekter	2 820 000	
3030		Skattar og avgifter		
	70	Skattar m.m.	69 000 000	
	71	Utførselsavgift	3 500 000	
	72	Utmålsgebyr, årsavgift	1 090 000	
3035		Tilskot frå statsbudsjettet		
	70	Tilskot	143 487 000	
		Totale inntekter		221 247 000

II

Formues- og inntektsskatt til Svalbard for inntektsåret 2008

§ 1 Bruksområde for vedtaket

Dette vedtaket gjeld forskotsutskrivning og endeleg utskrivning av skatt på formue og inntekt for inntektsåret 2008 etter føresegnene i lov av 29. november i 1996 nr. 68 om skatt til Svalbard.

Skattepliktige som nemnde i skattebetalingslova § 1, jf. § 2, og svalbardskattelova § 5-1 første ledd, skal betale forskot på formues- og inntektsskatt til Svalbard for inntektsåret 2008. Ved utrekninga og innbetalinga gjeld føresegnene i dette vedtaket og i skattebetalingslova.

§ 2 Skatt på formue

Skatt på formue blir utrekna etter desse satsane:

- a) Personleg skattepliktig og dødsbu:
Det blir nytta same satsar og grensebeløp som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet for formuesskatt til staten og kommunane (maksimumssats)
- b) Selskap og samanslutning som nemnd i skattelova § 2-36 andre ledd, og som ikkje er fritakne etter skattelova kapittel 2:
Det blir nytta same satsar og grensebeløp som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet for formuesskatt til staten.

§ 3 Skatt på inntekt

Skatt på inntekt blir utrekna etter desse satsane:

- a) Inntekt som blir skattlagt ved lønnstrekk etter svalbardskattelova § 3-2: Låg sats: 8 pst. Høg sats: 22 pst.
- b) Anna inntekt: 16 pst.

Personlege skattytarar skal ha eit frådrag i alminnelig inntekt som omfattas av b) på 20 000 kroner

§ 4 Avrundingsreglar

Ved utrekning av skatt ved likning skal stipulert formue avrundast nedover til næraste heile 1 000 kroner, og inntekt avrundast nedover til næraste heile 100 kroner.

Ved utrekning av skatt ved lønnstrekk skal inntekta avrundast nedover til næraste heile krone.

§ 5 Normalrentesatsen for rimeleg lån i arbeidsforhold

Normalrentesatsen som nemnd i skattelova § 5-12 fjerde ledd, jf. svalbardskattelova §§ 3-1 og 3-2, skal vere den same som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet.

III

Bestillingsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Justisdepartementet i 2008 kan bestille varer for inntil 3 mill. kroner ut over den totale løyvinga som er gitt under kap. 5 post 1 på svalbardbudsjettet.

IV

Merinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Justisdepartementet i 2008 kan overskride løyvinga under

- kap. 5 post 1, tilsvarende det inntektsførte beløpet under kap. 3005 post 2
- kap. 6 post 1, tilsvarende det inntektsførte beløpet under kap. 3006 post 2.

V

Avgift av kol som blir utført frå Svalbard for budsjetterminen 2008

For budsjetterminen 2008 skal det svarast avgift til statskassen av kol som blir utført frå Svalbard, etter følgjande satsar:

- 1,0 pst. av verdien for dei første 100 000 tonna,
- 0,9 pst. av verdien for dei neste 200 000 tonna,
- 0,8 pst. av verdien for dei neste 300 000 tonna,
- 0,7 pst. av verdien for dei neste 400 000 tonna,
- 0,6 pst. av verdien for dei neste 500 000 tonna,
- 0,5 pst. av verdien for dei neste 600 000 tonna,
- 0,4 pst. av verdien for dei neste 700 000 tonna,
- 0,3 pst. av verdien for dei neste 800 000 tonna,
- 0,2 pst. av verdien for dei neste 900 000 tonna,
- 0,1 pst. av verdien for dei neste 1 000 000 tonna.

Oslo, i utenrikskomiteen, den 28. november 2007

Olav Akselsen
leder

Anette Trettebergstuen
ordfører